



Lindås Rør & Sanitær AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4565 - 15/4624

Saksbehandlar:

Knut Bjørnevoll

KBJ@lindas.kommune.no

Dato:

04.03.2015

## Avslag på søknad om utsleppsløyve - gbnr 60/41 Langenes

**Administrativt vedtak. Saknr:**

**Tiltakshavar:** Kjell Langenes

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for fritidsbustad som vart godkjent oppført i administrativt vedtak den 26.03.2013. Storleiken til utsleppet er opplyst til å vera 6 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.07.2014 og tilleggskokument mottekne 21.01 og 04.02.2015 .

#### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område som er omfatta av reguleringsplan for Langenes. Del av gnr. 60 bnr. 2 og 3. Hyttetomta er regulert til hyttebygging, men området rundt gruppa med 3 hyttetomter, er regulert til landbruk. Delar av avløpsanlegget ligg i området som er regulert til landbruk. Tiltaket vert også omfatta av byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag. Tiltaket er følgjeleg ikkje i samsvar med gjeldande plan og treng dispensasjon frå arealføremålet og byggeforbodet i 100-metersbeltet for å kunne godkjennast.

#### Nabovarsel

Utsleppsanlegget er nabovarsla . På kvitteringa er det kryssa av for «samtykker til tiltaket».

#### Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i situasjonsplan Lindås Rør & Sanitær AS, revidert 27.01.2015.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

### Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i slamavskiljar før det vert ført vidare til sjø. Sjøresipienten er karakterisert som svært god.

### Privatrettslege tilhøve

Det er ikkje lagt fram samtykke til å plassera deler av anlegget på andre eigedommar.

### Drift og vedlikehald

Alle nye slamavskiljarar som blir godkjent skal kunna tømmeast innafor den kommunale slamtømmingsordninga, som inneber tømning med slamtømmebil på ordinære vilkår jf krav til veg, avstand og løftehøgde i kommunal forskrift for slamtømning. Etter forskrift for slamtømning i Lindås kommune skal nye slamavskiljarar plasserast maks 100 m frå kjøreveg og høgdeskilnaden kan vera opp til 8 m . I denne søknaden er avstanden oppgjeven til 120 m i eitt dokument og 140 m i eit anna, men avstanden er truleg endå større.

Utføringa av anlegget er heller ikkje skildra godt nok til at vi kan ta stilling til søknaden. Kva som er høgdeskilnaden mellom tømmebil og slamavskiljar er ikkje kjent. Situasjonsplanen viser ikkje eksakt kvar bilen skal stå – det kjem utanfor kartutsnittet. Til der bilen sannsynlegvis må stå, er det nærmare 150 enn 140 meter.

Ut over slamavskiljar, utsleppsleidning og borhol med permanent montert sugeslange, er det ikkje vist kva som skal plasserast i terrenget av anlegg. Delar av anlegget ser ut til å komma inn på to andre eigedommar.

Lindås Rør & Sanitær AS, som har fått godkjent ansvarsrett for røyleggararbeid (PRO og UTF) i byggesaka, har også fått fullmat frå tiltakshavar til å søka om utsleppsløyve. Firmaet skriv i brev datert 08.01.2015

Eiendommen som inngår i innsendt søknad om utslippstillatelse har i samband med Lindås Rør & Sanitær AS, og med råd av Johnny Birkeland Transport AS, utarbeid ein plan for tømning av slamavskiller, ved bruk av mindre borehull med slange montert for tilkobling av slangebil., for å kunne gjøre lengde mulig.

Denne planen er sett på ifra Johnny Birkeland Transport AS som akseptabel, og vil gjøre slamtømning mulig.

Kommunen etterspurde dokumentasjon frå tømmefirmaet på på «*at eigedomen kan knytast til den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår, jf krav til veg, avstand og løftehøgde*».

Det vil seia at anlegget skal vera i samsvar med kommunen si forskrift for slamtømning og kunna tømmeast på vanleg tømmerute med vanleg bil og utstyr utan ekstra kostnad for kunden ut over det vanlege slamtømmingsgebyret. Dette er svaret frå Johnny Birkeland Transport AS:

JBT kan tømme denne tanken viss utført tilleggsarbeid blir som beskrevet.  
Høyde frå bunn tank til veg der bilen står må ikkje overstige 8 høydemeter.

Johnny Birkeland Transport AS har berre stadfesta at slamavskiljaren kan tømmeast, utan å spesifisera utstyr og kostnad.

### Alternative løysingar

Til god sjøresipient kan det gjevast løyve til utslepp av **gråvatn utan slamavskiljar**, dersom det blir valt ei anna toalettøysing enn WC (biologisk klosett/avløpsfritt toalett) , jf forureiningsforskrifta § 12-9 siste ledd .

## VURDERING

Ved godkjenning av nye avløpsanlegg med slamavskiljar er det eit krav at slamtømming kan skje på ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta. Det er ikkje dokumentert at slamtømming kan utførast innanfor ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta, jf løftehøgde og avstand mellom bil og tank.

Det er ikkje dokumentert korvidt høgdeskilnaden er innafor grensa på 8 m i slamtømmeforskrifta, men den maksimale avstanden er overskriden med bortimot 50 %.

For nye anlegg har ikkje Lindås kommune godkjent alternative tekniske løysingar som til dømes tømming med traktor, tømming med båt, bruk av ekstra pumper o a, som er i strid med forskrift for slamtømming.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering ikkje godkjennast slik den ligg føre.

Dispensasjonssøknaden vert ikkje vurdert i denne saka.

## VEDTAK:

**Kommunen avslår søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 jf kommunal forskrift for slamtømming vedteken 02.06.2004.**

**Som grunngeving for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga.**

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
17.2.3 a)	Utslepp kalkulert til < 20 PE (kap 12)	1	Kr 5.300

## Klage over gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunnjeven.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4565

I kommunen sitt e-innsyn finn du dokumenta i saka (frå 2014 til i dag):

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2014004565&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2014004565&)

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar byggesak

Knut Bjørnevoll  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kjell Langenes  
Solhytten AS

Sandslihovden 39 5254  
Welhavens vei 4 4319

SANDSLI  
SANDNES

**Mottakarar:**

Lindås Rør & Sanitær AS